



Boblesnakket
s. 24

SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

38. ÅRGANG 3/2010

- Lomheim går av, men «Sylfesten» er ikkje over, s. 6
- Bokmålsordboka og Nynorskordboka i ny drakt, s. 10
- Språkdetektivane i Tokke, s. 14
- Språkdagen 2010: Skjønar du kva legen din seier?, 18

Språkrådet



Målet hennar mor

– vil me aldri, aldri gløyma, heiter det i songen til Anders Reitan (1826–72). Romantikk, seier mange, språk er språk, men sjølvstakt viktig i livet og i skulen, me bruker det jo til å overføra informasjon.

Dette er så enkelt at det blir feil. Ei slik språkoppfatning krympar røyndommen. Morsmålet er langt meir enn eit instrument for å snakka og å skriva. Me blir til som menneske i morsmålet. Åndeleg danning frå barn til vaksen skjer i morsmålet og ved hjelp av morsmålet. Framandspråk er annleis. Ein klok mann sa: «På mitt eige mål kan eg seia kva eg vil, på andre språk berre det eg kan.» «Morsmålet er selve menneskenaturens livsenergi», sa Vigdís Finnbogadóttir då ho fylte syttifem.

Når me innser dette – at det er personlegdomsutviklinga som står på spel – blir det vanskeleg å overvurdere kor vesentleg det er at morsmålsundervisninga har høg kvalitet.

Korleis er det i skulen no? Prosjektarbeid, nettsøking og fellesplattformer tek tid. Lærar og elev kommuniserer på pc. Før berre snakka dei. Rettskrivinga i ungdomsskulen har

aldri vore så dårleg som i 2010, melder ein rektor på haugesundskanten. Karakterane på landsbasis går nedover (held seg best i Sogn og Fjordane). Skulen har hatt kunnskapsløft i årevis, men han vil ikkje løfta seg. Kvi- for? Det har knapt hjelpt norsk skule å ha verdsrekorden i pc-tettleik.

Norskundervisninga skal reviderast, og personleg meiner eg ein gjerne bør vurdera å gjera dagens tre norskarakterar om til éin samlekarakter og å skifta ut dagens bøker på bokmål eller nynorsk med språkdeltede bøker. (Dette vil ikkje minst gagna nynorsken.) Men først og fremst lurar eg på om nettbaserte kontaktformer fremjar kvaliteten i undervisninga.

Læreplanen frå 2006 slår fast: «Norskfaget er et sentralt fag for kulturforståelse, kommunikasjon, danselse og identitetsutvikling.» Det er så sant. Likevel må spørsmålet stadig stillast: Kva slags utvikling av identiteten gir eigentleg pc-basert kommunikasjon? Ingen ting kan erstatta talen.

Sylfest Lomheim

INNHALD 3/2010

■ AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Edle årganger i ny tapning
- 14 Elevar på jakt etter språkfeil
- 17 Språkbrukaren

■ INNSIKT

- 18 Medisinsk fagspråk
- 21 Standard Norge gjør norsk terminologi tilgjengelig
- 24 Gjendikting i boble
- 27 Tostava etternavn på –er
- 29 Agurktid på mange språk
- 32 Spansk og minoritetsspråk



Redaksjonen tek gjerne imot brev frå lesarane. Det kan vere kommentarar til artiklane og emne i bladet, interessante ord og uttrykk ein har komme over, nyord, språkspørsmål eller anna. Adressa er: Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO.

Spørsmål: Kan man starte en setning eller et avsnitt med et tall eller en dato?

Svar: I boka *Skriveregler* av Finn-Erik Vinje (Aschehoug, 2009) står det: «I løpende tekst bør en periode ikke begynne med sifre, siden disse ikke har noen store (versale) varianter som kan markere periodegrensen. Enten kan man skrive tallet med bokstaver, eller også kan man forandre ordfølgen. I matematiske tekster, rutetabeller, prislister og andre tekster der selve tallene er det vesentligste, skrives tall med sifre.»

Det er altså ikke noe forbud mot å starte en periode med sifre, men man kan jo finne andre løsninger – så unngår man hele problemet.

Spørsmål: Er det gale å bruke uttrykket *både – og* om fleire enn to ting? Kan ein si «Eg brukar både strømpes, sokkar og sko når eg går ut», eller er det best å sløyfe *både* i dette eksemplet?

Svar: Nei, det er ikkje gale å bruke *både – og* om fleire enn to ting. Det er greitt å bruke *både* her, men det kjem litt an på kva du vil uttrykkje. Når du brukar *både*, understrekar du kvart av ledda meir enn viss du sløyfar det.

Spørsmål: Jeg arbeider med en kokebok, og i den anledning har det dukket opp en del ord som jeg er usikker på hvordan man skal skrive. Problemene mine gjelder om det heter *maldonsalt* eller *Maldonsalt*, *jarlsbergost* eller *Jarlsbergost*, *panchetta* eller *pancetta*, *madeira* eller *Madeira* (korrekturleseren har godkjent *whiskey* med liten *w* og *Cognac* med stor *c*), *ruccola-*, *rucola-* eller *rucollasalat*, *bresert* eller *bressert*. Og kan jeg bruke *utbeinet* (eller *utbenet*) – selv om det ikke står i *Bokmålsordboka*?

Svar: Vi anbefaler deg å skrive *maldonsalt* og *jarlsbergost* med små forbokstaver. Når det gjelder *madeira*, *rucollasalat*, *whisky* og *konjakk*, er det disse formene som er normerte. *Pancetta* er et italiensk ord, og vi anbefaler denne skrivemåten, som altså brukes i originalspråket. Det er riktig å skrive både *utbenet* og *utbeinet*. Verbet *bresere* skrives med én *s* på norsk, og partisippformen er derfor *bresert*.

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi rår til eller rår frå å bruke eit ord, vil vi nemne det uttrykkeleg.

arbeidsavklaringspengar *Om to veker startar det nye meldekortregimet i Nav. På same tid som den nye stønadsordninga arbeidsavklaringspengar blir sett i verk frå 1. mars, skal om lag 90 000 menneske som til no ikkje har hatt noka plikt til regelmessig rapportering til Nav, gå over til å senda meldekort annakvar veke. Uansett kor sjuke og arbeidsuføre dei er, skal dei i utgangspunktet behandlast som arbeidssøkjjarar.*

Klassekampen 15.2.2010

askepost *Kassevis med «askepost» til Brønnøysund. Tirsdag 20. april tok Brønnøysundregistrene imot 25 kasser med post. En stor del av denne posten var forsinket på grunn av restriksjonene i flytrafikken. Dette innebærer lengre saksbehandlingstid – og vil kanskje spore flere til å registrere elektronisk gjennom Altinn.*

<http://www.brreg.no/nyheter/2010/04/askepost.html>

(I tillegg til «askepost» var det mange ord på aske- som så dagens lys etter at den islandske vulkanen Eyjafjallajökull hadde utbrudd i vår. Noen av disse er «askefast», «askerammet», «askeferie», «askekrise» og «asketrafikk».)

festivalisering *Norge er blitt en begivenhetsnasjon i kulturlivet. Både musikken og litteraturen er preget av en voldsom festivalisering. Den store utfordringen er å bygge noe varig og utholdende på basis av alt dette. Lite tyder på at årets Eurovision Song Contest vil gjøre det. Konkurransen skummer fløte, men skaper lite nytt selv.*

Kommentator Knut Olav Åmås i Aftenposten 22.5.2010

framsnacking *Baksnakkingen har og vil ha gode kår, og nettopp derfor trenger det motsatte, «framsnacking», all den reklamen det kan få. At 25 000 mennesker gir ordet vind i seilene, er helt fantastisk.*

Svein Spjelkavik, mannen bak ordet «framsnacking», i nettavisen Vol.no 6.4.2010

(Facebook-gruppa «Framsnaeking» har på det meste fått 2000 nye medlemmer hver dag.)

Gore Tex-mafiaen *Norsk ungdom inn-tar fjellheimen. [...] Eirik H. Rogn, leder for Vinjerock på Eidsbugarden, har gitt ungdommen som kommer til fjells, kallenavnet «Gore Tex-mafiaen».*

Aftenposten 5.8.2010

ståfremisme *Vi ser en klar utvikling i at folk står fram med sine historier i pressen. Jeg kaller det «ståfremismen», og jeg liker den ikke.*

Nils E. Øy, leder for Norsk Redaktørforening, i VG nett 21.4.2010

vegetarvampyr *Det var en gang [...] at vampyrer var skremmende. Men nå har de spredd seg som kakerlakker og er overalt, hverdagslige og ufarlige. [...] Personlig synes jeg ikke noe om vegetarvampyrer, sier hun, med klar adresse til Stephenie Meyers Twilight-bøker.*

Morgenbladet 9.7.2010

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

VINNINGSMOTIV

Sidan vi prøver å vinna mest mogleg ut av det norske ordtilfanget, har vi òg sans for attvinning av ymse slag. Denne gongen skal vi sjå på kunstnarleg attvinning. Dessutan skal vi «vinna att» nokre ord som har stått ei stund på lista over framlegg til avløyсарord.

Oppvinning – ei vinnarsak

Somme gjer attvinning til ein kunst. I Bergen har forskingsprosjektet *Kunstnarisk verdiskaping* teki i bruk omgrepet *oppvinning*. I denne samanhengen tyder det 'å laga eitkvart om til noko anna med høgare verdi'. Det er altså tale om ei nyansering av omgrepet *attvinning/gjenvinning* eller *resirkulering*. På engelsk er *upcycling* emna til etter *recycling*, og vi kunne for så vidt òg ha kalla det *oppsirkulering*. Men sirkelmetaforen verkar ikkje like god i *oppsirkulering/upcycling*, sidan ein sirkel i grunnen fører tilbake til utgangspunktet. Vi synest det er betre å utvida *vinning* til desse nye formene for det å bruka emne på ny. Motstykket til *oppvinning* kan da vera *nedvinning* (engelsk *downcycling*).

Gjenhøyr med *kringlyd*

Ein del avløyсарord blei att- eller nedvunne i avisene i sommar. Ein journalist hadde dels valt ut nokre av framlegga på nettsidene våre, dels funni snodige ord (*stålstut*) og gamle vitsar (*teskeikjerring* for *serveringsdame*). Somme likar avløyсарane godt, andre avviser dei kategorisk som «tulleord», og begge desse synspunkta kom fram i opp-

slaga. Vi kan ikkje nemna alle orda her, men vil gjerne slå til lyd for eitt av dei: *kringlyd*, avløyсарordet for *surround sound*.

Lista over substantiv med *kring-* som føreledd er ikkje lang, men det er eit presist element for noko som deler/spreier seg i ulike retningar. Vi har det i andre ord som *kringkasting* og dei militære *kringvern* og *kringsetja*. *Kringlyd* blei lansert som avløyсар i 2001, og på eitt tiår har det rokki å bli veletablert. Nettsøk viser at det ikkje minst er lydfolk som set tonen.

Vi nordmänner kan vera noko redde for å leika med ord eller skapa språkbilete. På dette området har vi noko å læra av engelsktalande. Da ein på engelsk begynte å kalla 'markørstyreringa' på datamaskinen for *mouse* (fordi ho minner om ei mus), var det nettopp utslag av ordleik. Kanskje det lettare hadde blitt stempla som eit «tulleord» hos oss?

.....

Daniel G. Ims er rådgjevar i Språkrådet.



Sylfest. Punktum.

■ TEKST OG FOTO: LARS AARØNÆS

Maos vesle raude låg og skein på skrivepulten i direktørkontoret inst i korridoren i Språkrådet. Sylfest Lomheim visste at slike signal gjorde gjestane usikre. Så kunne han lettare flytte merksemda deira dit han ville.

Noregs første språkdirektør takka av 1. september. Sylfest Lomheim likte mandatet han fekk, og han trur han klarte å oppfylle ønsket til dåverande kulturstatsråd Valgerd Svarstad Haugland om meir fart og moro i språkarbeidet.

Sjølv flytta han heim til Kristiansand ein dag i september. Då var Sylfests årsmål som språkdirektør omme.

Punktum er sett.

Men lat oss skru tida ørlite tilbake, til ein sommardag i 2010.

Då sit Lomheim framleis ved pulten. På kontorveggen heng Ivar Aasen, ved sida av plakaten til nynorskhoardingens grandnevø Kjell Nupen, kunstnaren. Før vi får sett oss, er flogvitet Lomheim i gang med ei utgreiing om tilhøva i Aasen-slekta. Sylfest Lomheim skil gjerne ikkje mellom emne og digresjon, så sant han har tid og tilhøyraren er interessert.

Han har sett eit stort skilje i norsk språkdebatt. Den nye tid tok til 24. mars 2004. Då starta NRKs serie Typisk norsk, med to trivelege karar på skjermen: programleiaren Petter Schjerven og Sylfest Lomheim, den første språkdirektøren i landet.

Ved dette leitet orka berre surpompane å halde fram med det gamle gnyet rundt nynorsk og bokmål. Resten av folket var i koma.

Med Typisk norsk gjekk det opp for sjåarane at det visst er noko med norsk som både er spesielt og verdt å verne om. Det var til og med artig. Folk tok til å snakke med kvarandre om det dei såg. Gamle norsklærarar visste ikkje rett kva dei skulle tru.

Terminatoren

Sterk var scenen i det første programmet. Som i starten av Terminator 2: Judgment Day landa Sylfest Lomheim på jorda. Han var like avkledd som då han kom til verda i den uendeleg vakre bygda Hafslø i Sogn i mars 1945. Lik

Arnold Schwarzeneggers rollefigur skulle Sylfest frelse nokon frå det vonde.

Nokon – det var oss alle, det.

– Drosjesjåførar har byrja å ha seriøse samtalar med meg om norsken, seier Lomheim.

Slikt er i tråd med mandatet han fekk hos Valgerd Svarstad Haugland, kulturminister i Bondevik 2-regjeringa: Sprit opp språkarbeidet!

Ein god dag i april

– Då stillinga som direktør i det nye rådet blei utlyst, trudde eg dei såg etter ein opphøgd kontorsjef. Så ringte dei meg og spurte om eg ville stå i spissen for ei synlig fornying. Eg sa ja. Om eg skulle ha valt sjølv, hadde eg prioritert like eins, seier den tidlegare statssekretøren. Han sat i

Barne- og familiedepartementet under Jagland.

Vårsesjonen 2009 i Stortinget, nærare bestemt

28. april, var gjevande for direktøren. Då vedtok dei folkevalde den politikken som Lomheim hadde ivra for sidan starten. Utgangspunktet var rapporten Norsk i hundre frå 2005, tinga av Lomheim og språkrådsstyret og skriven av ei grepa gruppe leidd av språkprofessor Gjert Kristoffersen i Bergen.

– Det var eit godt stykke arbeid. Rapporten gav grunnlag for å gi nasjonen noko vi fram til den dagen hadde mangla, ein samla språkpolitikk.

Vegen ut av helvete

– *Det har gått vegen, dette?*

– No er eg hakket meir optimistisk enn eg var. Eg seier framleis at det ikkje er gitt at norsken skal greie seg godt. Ein professorkollega sa om meg at

● ● SYLFEST LOMHEIM

Sylfest Lomheim slutta som direktør i Språkrådet 1. september og gjekk tilbake til stillinga som professor ved Universitetet i Agder.

«Lomheim er så defaultistisk». Eg hevdar at eg har vore realistisk og analytisk. Det finst ikkje ein allereie avgjort lagnad for norsk språk. Framtida blir avgjort av politikken og den kollektive haldninga til språket. Paradoksalt nok er det slik at om opinionen og dei folkevalde seier at det står berre bra til, er det den sikraste oppskrifta på at norsken går til helvete. Lyttar politikarane til Lomheim, som seier at ingen ting kjem av seg sjølv, og at ting kan gå gale, kan det gå bra.

Den tredje mann

Direktøren refererer ofte til seg sjølv i tredje person. Dette er nok ein hang hos Lomheimar, Sponheimar og andre frå djupe fjordar vestpå.

Lomheim er alt inne i si neste utgreiing:

– Mange vil tru at den fæle engelsken er det skumle for norsken. Men det er ikkje engelsk i seg sjølv som er problemet. Det er feil om vi ikkje tek i bruk ord derifrå. Å låne ord er språkets liv. Sluttar vi, døyr norsken. Eg seier at faren er at engelsk overtek bruksområda – domena – det vere seg forskning, undervising eller næringslivsspråk. Innafor somme fagområde er nesten heile pensum på engelsk. Eg les stillingsannonsane i Aftenposten som eit barometer. Avisa har tre typar: ein på norsk, den neste ei blanding av norsk og engelsk og den tredje sorten annonse er berre på engelsk. For 20 år sidan fanst berre norske. Her er ei dramatisk endring. Mange ser ikkje det.

Aasland løyste floken

Då det gamle Norsk språkråd blei til Språkrådet, var det meir enn eit namneskifte. Lomheim seier at overgangen var vrien.

– Styret og eg var samde om å lage ein organisasjon som fleirtalet av dei tilsette først ikkje ønskte. Det handla om mellomleiarar, om kva slag stillingar som skulle kome mellom direktøren og dei tilsette. Norsk språkråd hadde hatt flat struktur. Det høyrst enkelt ut, og alle veit at då er det ikkje så enkelt. I dette arbeidet spela styreleiar Tora Aasland ei særskild konstruktiv rolle. Vi fekk ei løysing som alle blei nøgde med.

Større, fleire

Lomheim er også nøgd med den veksten som departementet sa at rådet skulle få.

– Dei har følgd opp. No får vi ei stilling for teiknspråk og ei for minoritetspråk. Talet på tilsette har vakse med 50 prosent, så vi er no rundt 35. Vi har fått informasjonssjef, administrasjonssjef og fagkoordinator. Rådet har to nye grupper rådgjevarar: ei som arbeider med språkbruk i staten, og ei for fagspråk og terminologi. Vekstperioden er i hovudsak over. Utfordringa for etterfølgjaren min blir å halde oppe interessa for språket i samfunnet og få den ferdige organisasjonen til å fungere endå betre.

Det låkaste

Praten vår har passert slutten på vanlig arbeidstid. Direktøren inviterer til eit mål mat på ein av dei mange spisestadene her ved Solli plass. Det blir utekafeen Consenzo.

Eg les menykartet. Vi kan mellom anna få «Bakt Pepper Marinerte Friske Jordbær». Lomheim ser det.

– Dette er den tingen som er så låk at eg blir fysisk uvel berre av å snakke om han: orddeling i norsk. Då røykelova kom, såg eg eit stort skilt ved ein kjent utestad i Oslo: RØYK FRITT. To ting forklarar fenomenet: dataprogram

og engelsk. Mellom desse to er det eit globalt samband.

Rådløse går ikkje

– *Slik er det altså blitt, sjølv om Språkrådet i dette tilfellet ligg berre hundre meter unna. Kunne vi ha greidd oss like godt utan råd?*

– Nei, eg trur det må vere ein instans som tek seg av språket på vegner av staten. Om du med spørsmålet meiner at vi ikkje skulle bry oss, ikkje ha ein politikk, så er det ekko av trua på «fri sprogutvikling» frå 1900-talet. I så fall ville ikkje norsken overleve lenge. Det innser alle sjåande no. Det neste spørsmålet er kva instans som skal bry seg. Eg nøyer meg med å peike på at det knapt finst eit kulturland utan eit nasjonalt språkkorgan. Den einaste kulturkrinsen som ikkje har det og ikkje treng det, er den engelske. Elles er alle land forbløffande like. Difor melde eg Språkrådet inn i det europeiske språkråds-samarbeidet under EU/EØS.

– *Kva vonar du at folk skal seie om Språkrådet?*

– Eg synest at vi skal bli endå tydelegare: «Dette er rett. Dette er ikkje rett.» Ein velfungerande norsk er viktig. Vi må halde oppe den sams interessa for språket. Elles fyller vi ikkje oppgåva vår.

– *Vil historia seie at du var den som sørgde for å få språkdebatten opp frå skyttargravene?*

– For første gong er språkordskiftet i Noreg relativt normalt og på line med det i andre land. Vi diskuterer kvalitet og funksjon. Det er rett, slik skal det vere. Men eg blir aldri så kjenslelaus at eg ikkje blir oppgitt over den uviljen somme framleis har mot nynorsken.

Strutle-bom

Somme prøvde å setje Lomheim i bås

med Harald Heide-Steens Sylfest Strutle, ein busserullsullik ute av takt med tida. Vitsemakarane såg fort at skjemten kunne slå tilbake, at dei sjølve kunne kome til å virke utdaterte. Folk la merke til Lomheims sjølvironi, hans flytande fransk og at han ordla seg jordnært og forstandig også på norsk.

Sylfesten

Ein som får dette namnet i dåpsgåve, bør vere etla til noko uventa. Spesielt når brørne heiter Per, Ola og Jon. Slik tenkte Sylfest også.

– Ikkje at eg var spesiell. Meir at eg kunne finne mi eiga rolle. Eg har gått etter eige hovud, ingen peikte ut vegen for meg.

Hovudet sa «historikar» då han tok til på Sogndal gymnas. Så skulle han velje framandspråk. Å lese tysk eller engelsk kjendest for lett. Det blei fransk. I korte trekk utdanna han seg til filolog ved Universitetet i Oslo. Han tok jobb som norsklektor i Caen i Frankrike. Der trefte han henne som blei kona. Så blei han primus motor ved fagomsetjarstudiet i Kristiansand og etter kvart rektor på same stad, Høgskolen – no Universitetet – i Agder. Medietekket og røynsla med å svare kjapt skaffa han seg gjennom journalistjobb i Sportsrevyen, deretter som NRKs språkkonsulent og i den lange og enno ikkje avslutta karrieren som orakel i Språkteigen i P2.

Til glede for den som ikkje kan sin Mao Zedong på rams, har den raude boka på pulten fleire framifrå sitat:

Å granske eit problem betyr i røynda å løyse det. Ein ting er god berre når han er til verkeleg nytte for folkemassane. Og: Den som kviler på laurbæra sine, har plassert dei på feil stad.

Så vi set ikkje Sylfest-punktum enno

Edle årganger i ny tapning

■ JAN HOEL

Nettutgaven av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* har fått en ansiktsløftning. Grensesnittet er modernisert, men innholdet er like etterrettelig som før. Og bruken er naturligvis fortsatt gratis!

Ordbøkene ble tilgjengelige på Internett noe før 1995. Lite i grensesnittet var endret etter det, og fornyelse var påkrevd. Ordbøkene eies og forvaltes av Universitetet i Oslo (UiO) ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier og Språkrådet. Felleseiet borger for godt håndverk og korrekte opplysninger om gjeldende rettskrivning. At brukerne verdsetter kvaliteten, går fram av oppslagstallene: I 2009 ble det gjort 16 512 707 søk i *Bokmålsordboka* og 12 521 435 i *Nynorskordboka*.

Omleggingen er gjort i et prosjekt mellom eierne og et grafisk firma. Arne Heimestøl fra Globalskolen har medvirket med brukerorienterte synspunkter.

Ny grafisk utforming

Ny sideutforming med forsiktig fargebruk er det mest iøynefallende. Ordbøkene har fått egen logo. Klikker man på den, kommer man alltid tilbake til startside. Klikker man på et av ordboknavnene ved siden av, avgrenses søket til den valgte ordboka. Den får da blått navn, den andre hvitt. Søkes det i begge, er begge navnene blå. Også eiernes logoer er med. De fører til institusjonenes nettsted.

Øverst til høyre er det tre faner *Hjelp*, *Om oss* og *Nyttig*. Ytterst finner man symbolene *AAA* for skalering av skriftstørrelsen. *Hjelp*-teksten er supplert med en instruktiv video. *Nyttig* fører til en

underside med lenker til språkinstitusjoner og -ressurser.

Søkefeltet er alltid klart til å bli skrevet i, også rett etter et søk. Da er foregående søkeord merket og kan overskrives. Til høyre for søkefeltet er det tre søkeknapper *Begge*, *Bokmål* og *Nynorsk*. Standardsøket er satt til *Enkelt søk* i *Begge*. Vil man søke i bare én av ordbøkene, må man bruke ønsket knapp. Knappene er mørkeblå når de er aktive. Det er nok å trykke på Enter-tasten for å gjøre et standardsøk eller et nytt søk i den målformen som er valgt. Til høyre for søkeknappene kan man velge *Avansert søk*.

Grammatikkoden for et tilslagsord er bare et klikk unna, og en alfabetisk liste viser andre oppslagsord omkring et tilslagsord.

Endringer i virkemåte

Enkelt søk i begge ordbøkene er altså standard, av pedagogiske og språkpolitiske grunner. Brukerne får se hva som er likt og ulikt i målformene.

I standardsøket bør søkeordet være et grunnord, eksempelvis verbet *slå*. Men om grunnordet ikke fins i ordbøkene, vil søket likevel gå videre til bøyingsformer og fritekst som en hjelp for brukerne.

I avansert søk velger man mellom blant andre søk på oppslagsord, på bøyingsform eller i fritekst i ordartiklene.



bile

Begge

Bokmål

Nynorsk

Avansert søk

Bokmålsordboka



[bildestorm](#)
[bildestormer](#)
[bildetekat](#)
[bildetelegrafi](#)
[bildevøy](#)
[bildereving](#)
[bilderevning](#)
[bildtulle](#)
[1 bile](#)
[2 bile](#)
[bilegge](#)

Oppslagsord

Ordbokartikkel

[bile](#)

I bile [f1](#) el. [m1](#) (f1y) øks med kort skaft og bredt blad; tømmermannsøks

▶ [bile](#)

II bile [v2](#) (av *bil) kjøre i,

v2: Bøy verbet på samme måte som:

Infinitiv	Presens (nåtid)	Preteritum	Perfektum
lyse	lyser	lyste	lyst

Nynorskordboka

Oppslagsord

Ordbokartikkel

[bile](#)

I bile [f2](#) (f1y bil(e))

1 fer: stridsøks

2 tømmermannsøks med breitt blad

II bile [v1](#) el. [v2](#) (av *bil) køyre i bil el. med bil går du, eller b-r du?

I sistnevnte tilfelle vil tilslagene være merket i artikkelteksten. Bøyningsformene er fra fullformordlister som disponeres av Norsk ordbank ved UiO. Fordi listene er knyttet til ordbøkene, kan man søke på en bøydd form for å se om den fins, eller man kan bli vist fra en fullform til et oppslagsord. Søk på bøyningsformen *slo* fører da til blant andre oppslagsformen *slå*.

Skjermkopien over viser tilslag på søkeordet «bile» i standardsøket. Søkresultatet deles inn i *Ordbokartikkel* og *Oppslagsord*. Artikkelen inneholder blant annet en grammatikkode, her *v2*. Klikker man på den, får man fram en informasjonsrute med det bøyningsmønsteret som ordet følger. Nederst på siden kan man fortsatt åpne en oversikt over alle bøyningskodene. Om man klikker på en oppføring under *Oppslagsord*, dukker en vertikal alfabetisk liste opp til venstre. Det aktuelle oppslagsordet er uthevet i listen, og en høyrepil viser sammenhengen med tilslaget. Klikker man på et annet ord i listen, får man fram et nytt oppslagsord med tilhørende ordbokartikkel. Man kan bevege seg opp

og ned i omkringstående oppslagsord ved hjelp av piler.

Det kan søkes trunkert i ordbøkene med jokertegn. Blir det mange tilslag, kan brukeren bla fram og tilbake i dem ved hjelp av navigasjonsknapper som står i en rad nederst på siden.

Ferden videre

Omlaggingen er det første av flere fornyingsprosjekter for nettordbøkene. De gjelder for eksempel forkortelser, som bør skrives fullt ut når de ikke stjeler papirplass, i tillegg til andre sider ved presentasjonen av tilslagsord. Dessuten vil de førnevnte fullformordlistene bli kontrollert. Likeledes er det behov for en funksjon «Mente du xxx?», som kan hjelpe brukeren til å skrive søkeord korrekt.

Så følg med!

.....

Jan Hoel er seniorrådgiver og koordinator for Språkrådets terminologitjeneste.

www.bokmalsordboka.uio.no
www.bokmalsordboka.uio.no
www.nynorskordboka.uio.no

Norsk–russisk juridisk ordbok

Retts- og politisamarbeidet mellom Norge og Russland har pågått i flere år. Nå har det kommet en ordbok mellom norsk og russisk for dette fagområdet. *Norsk–russisk juridisk ordbok* er laget

av Aud Anna Senje, som til daglig er seniorrådgiver i Språkrådet, språktjenesten for statsorganer. Boka tar hovedsakelig for seg terminologi fra strafferettens område.

Ta del i diskusjonsforumet *Nynorsk 2011*

Ei ny rettskriving for nynorsk er under arbeid. Har du meiningar om rettskrivinga, kan du ta del i debatten i diskusjonsforumet til rettskrivingsnemnda. Nemnda legg ut vedtaka sine, som enno er førebels, på nettsidene til Språkrådet og vil gjerne ha fleire tilbakemeldingar. Det går òg an å skrive egne innlegg og kommentere det andre har skrive. Til no har det kome inn om lag 200 bidrag til forumet. Du finn forumet på www.nynorsk2011.org.



© Cogal / Stockphoto

Øvrebotten: – Lomheim har vore folkets språkdirektør

– Som den fyrste språkdirektøren i landet har Sylfest Lomheim makta å gjere Språkrådet kjent og få fram at språket vårt vedkjem alt og alle, seier fungerande styreleiar Magni Øvrebotten.

Sylfest Lomheim har vore språkdirektør i sju år. Den siste dagen i august vart han takka for innsatsen av representantar frå norsk kultur- og samfunnsliv. Regjeringa var òg representert, ved sida av fagråda, styret og dei tilsette i Språkrådet.

– *Han Sylfest har vore her*, seier folk med stoltheit og glede i blikket. Over heile landet, sa Øvrebotten i talen sin.

– Du har reist land og strand rundt, i utland med, og aldri spart deg når nokon spurde om du kunne kome. På same vis har du yppa til debatt om språk i Noreg og alt det inneber. Du har vorte folkets språkdirektør. Det er fordi du har ei uvanleg evne til å snakke enkelt og levande – og med eit uvanleg engasjement for språk, sa Øvrebotten til Lomheim.

Statoil vil likevel bruke norsk

■ SVEIN ARNE ORVIK

Statoil går bort fra å be sine underleverandører i Norge om å bruke engelsk framfor norsk i kontakten med selskapet. Det skjer etter at Språkrådet tok opp Statoils bruk av engelsk med Olje- og energidepartementet i et brev i juni.

Bakgrunnen for dette var at Statoil tidligere i år hadde sendt et brev til sine underleverandører i Norge der de ble bedt om å gå over til å bruke engelsk – i stedet for norsk – i skriftlig kontakt med selskapet.

I brevet til departementet viste Språkrådet til at målet med den norske språkpolitikken er å sikre norsk språk en fullverdig status og bruk innenfor alle deler av norsk samfunnsliv.

«Jeg kan forsikre at jeg er opptatt av at regjeringens uttalte språkpolitikk skal gjennomføres i praksis også i energisektoren», skriver olje- og energiminister Terje Riis-Johansen i svarbrevet til Språkrådet. Statsråden skriver at departementet har hatt kontakt med Statoil om saken: «Selskapet opplyser at det i Norge vil benytte norsk, og at engelsk vil benyttes der det synes nødvendig og rimelig. Statoil vil klargjøre dette i et brev til sine norske leverandører.»

Informasjonsdirektør Jannik Lindbæk i Statoil sier følgende til Bergens Tidende: «Vi har lyttet til de innvendingene som har kommet, og vil informere leverandørene våre om dette. [...] Vi vil kommunisere på begge språk slik at vi ivaretar de hensynene som har kommet til uttrykk fra de som ønsker kommunikasjon på norsk. Dette er en presisering av hvordan praksisen blir framover.»

Overfor Bergens Tidende bekrefter Lindbæk at Statoils leverandører kan vente seg et nytt brev om språk: «Her klargjør vi at vi vil benytte både norsk og engelsk i avtaler og korrespondanse med våre leverandører, helst norsk i



forhold til leverandører i Norge. Engelsk vil vi bruke der det er formålstjenlig.»

Les mer om saken på Språkrådets nettsider.

Elevar på jakt etter språkfeil

■ ELEVAR OG NORSKLÆRARAR I 6. KLASSE VED TOKKE SKULE 2009–2010

Alle 6.-klassingar som bruker norskverket *Ord for alt*, får nye, oppretta bøker, takk vere innsatsen til Tokke-elevane.

«Skal vi ha dette som nysgjerrigprosjekt i år?» Olav i 6. klasse tykte han hadde kome med eit godt forslag. Skulen hadde nettopp starta opp med nytt norskverk for mellomsteget. 6. klasse hadde *Ord for alt* 6, nynorsk utgåve, frå Cappelen Damm forlag. Klassa hadde hatt nokre få timar norsk og skulle til med *Språklære A*, der bøyging av substantiv var temaet. Men kva såg vi der?

Bøyingsfeil

Under døme på substantivbøyging av hokjønnsord stod det «ein dotter». Ikkje nok med det, under døme på fleirtal av hankjønnsord stod det «fleire tøfler». Dette var så grove feil at elevar i 6. klasse reagerte momentant. «Dette går ikkje an!» sa ein av elevane, og læraren klødde seg i hovudet og lo! I løpet av dei neste dagane dukka det opp fleire feil, både stavefeil, teiknsetjingsfeil og bokmålsord. Vi vart samde om at dette skulle bli vårt nysgjerrigprosjekt dette skuleåret.

Problemstilling og hypotesar

Alle forskarar lagar seg gode forskings-spørsmål. Våre vart desse: Kvifor er det så mange feil i det nye norskverket vårt? Kor mange feil kan vi finne i løpet av skuleåret? Vi sette opp desse hypotesane:

- 1 Arbeidet med lærebøkene har gått litt for fort.
- 2 Forlaget har ikkje gjort jobben sin.
- 3 Trykkjeriet har slurva.
- 4 Vi kjem til å finne 20–30 feil.
Vi laga ein plan for korleis vi no

skulle gå fram for å sjekke om hypotesane våre stemde. Vi skreiv til Språkrådet og fortalde om prosjektet. Rådgjevar Eilov Runnestø svara straks og sa at der var dei svært interesserte i å hjelpe oss.

Ivrige elevar

No tok det heilt av i norsktimane. Ikkje før hadde læraren kome inn i klasserommet, så kom elevar springande fram med anten *Tekstboka* eller *Språkboka* for å syne fram feil dei hadde funne. No måtte vi ha gode kjørereglar. Vi vart samde om at alle feil måtte sjekkast opp mot Hellevik si ordliste frå 2005. Vi førte loggbok med dato, feilfinnar og feil, kva bok feilen var i, og kvar i boka vi hadde funne han. Dette vart skrive inn i PowerPoint.

Undervegs i arbeidet sende vi feila vi hadde funne, inn til Eilov i Språkrådet, og ho godkjende dei aller fleste. Dette inspirerte oss veldig, og innsatsen for å finne feil auka i takt med talet på feil vi fann.

Noregs Mållag og Cappelen Damm

Vi hadde kontakt fleire gonger med forlaget som hadde gjeve ut bøkene, og dei var positive til det arbeidet vi hadde sett i gang. Telemark Mållag og Noregs Mållag kom også på banen. Båe leiarane kom på vitjing til klassa. Fire av elevane presenterte tilmed prosjektet vårt på årsmøtet i Telemark Mållag, heilt utan hjelp frå vaksne.

Fleire av feila vi kom over, var i skjønnlitterære tekster. Her fann vi til



Foto: Svein Arne Orvik

Elevar og lærarar frå Tokke skule møtte representantar frå Språkrådet i Oslo i juni.

dømes særnamna *Canada* og *Kambodsja* skrivne feil. Då vi kontakta forlaget, fekk vi vite at forlaga ikkje kunne rette feil i tekstar som skjønnerlitterære forfattarar hadde skrivne. Det ville vere som å tukle med eit måleri av ein målar.

«Forlaget har valt å leggje seg så nær opp til bokmål som mogleg.» Dette var svaret vi fekk frå forlaget då vi spurde om ikkje mange av orda og bøyingsformene kunne ha vore meir slik vi snakka her i Vest-Telemark, t.d. *då* i staden for *da*, *skule* i staden for *skole* og *brukar* i staden for *bruker*. Språkrådet og Noregs Mållag var også samde med oss i at dette ikkje var så greitt.

Kva har vi oppnådd?

Hypotesane våre har stemt svært bra. Språkvaskarane har gjort ein for slett

jobb. Det er mange feil i ombrekking og manglande bindestrek i delte ord. Døme: *rimord* er delt slik: *ri-mord*. Forlaget har uansett det overordna ansvaret, og vi er glade for at Cappelen Damm har lova å trykkje opp nye bøker for alle 6.-klassingar som har dette norskverket.

Det vi likte best, var utan tvil presentasjonen vi hadde av prosjektet vårt i Språkrådet. Men det var også stas at vi kom til finalen i Årets nysgjerriger. Forlaga vil nok dessutan skjerpe seg heretter. Til slutt vil vi understreke at vi likar norskverket vårt godt!

.....

Kontaktperson: Gunstein Seltveit, ein av lærarane som var med 6.-klassingane på nysgjerrigerprosjektet.

VI OVER 60 er [...] utstyrt med nokre svært så fylldige kontaktannonsesider, så fulle av bisarre skrivefeil at spalta kunne ha heitt «Gapestokken» i staden for. Eldre menneske avdekkjer på desse sidene ei sjukleg kroppsfiksing. Dei oppgjer nøyaktige mål på seg sjølv og er svært så medvitne om kva slags folk dei søker. Og ingen er ute etter ekteskap – berre uforpliktande flørtning, one night stands og elleville selskapsreiser.

Men sjå på dette: «Ungd. dame 62/160/60 s. mann m. humoristisk sans, ærlig, som har tur og dansesko. Slapper av med en god bok. Yrkesaktiv, røyker litt. Måteh. m/alk. Ø. foto. Akershus», skriv ei søt kvinne, under overskrifta «Hvor finnes du?». Jo, det kan eg fortelje deg: éin centimeter lenger ned på sida: «Ungd. mann 68 s. dame m. humoristisk sans, ærlig som l. tur i skog/mark og hagearbeid. Har eget hus, hytte, hund som trenger mosjon. Nevenyttig. Røyker litt, måteh. m/alk. Ø. foto. Akershus».

Ein kunne nesten mistenkje det for å vere same person: hann om dagen og ho om natta. Dr. Kvinne og Mr. Mann. Eller eit ektepar som ønskjer seg nye partnarar, og som ikkje innser at dei eigentleg er perfekte for kvarandre.

*Forfatter og journalist i Dag og Tid,
Agnes Ravatn, granskar bladet Vi over 60.*

DET STORE PROBLEMET er nå ikkje mitt kasus. Problemet er vener og grannar. Dei blir så lei seg når dei høyrer ordet *Radiumhospitalet*, at eg må trøste dei og få dei på lettare tankar.

Gardbrukar og amanuensis Dag Aanderaa i morgonkåseri i NRK P2

MAN MÅ VÆRE synsk for å kunne vite hva slags regler den enkelte avis følger i sitt daglige virke. I *Glåmdalen* har redaksjonen for eksempel titt og ofte brukt den røde pennen når jeg skriver ordet *fram*. Her skal man skrive *fram*. I andre aviser ser det ut til at varianten *fram* foretrekkes.

*Ronald Grambo i lesarbrev i Glåmdalen
1.6.2010*

NÅ TROR JEG at *Glåmdalen* må holde seg med en skøyeraktig husnise som steller til ugagn fra tid til annen. Jeg hadde her et innlegg 1. juni om språkbruken i norske aviser. Jeg nevnte at når jeg skrev ordet *frem*, ble det rettet til *fram* av avisens redaksjon. Dette er blitt et salig rot i den gjestfrie spalten slik at leserne må formode at jeg var omtåket eller bevisstløs i gjerningsøyeblikket. Men det må vel ha vært husnisen som har gjort en strek?

*Ronald Grambo i lesarbrev i Glåmdalen
4.6.2010*

SÅ VIDT JEG KAN SE, har det siden 2006 ikke skjedd noen dreining av skriveforskningen bort fra skoleskriving og mot skriving i arbeidslivet. Regjeringens satsing på Klarspråk i staten kan forhåpentligvis gi praktisk skrivehjelp til statsansatte som sliter med å formulere seg. Men hvor er bidragene fra skriveforskerne i bestrebelsene på å forbedre skriftlig kommunikasjon i arbeidslivet? Kunne de tenke seg å krype ut av klasserommene og grave frem kunnskap om skriving utenfor utdannelsesinstitusjonene?

*Førstelektor og skrivelektor ved Norges
Informasjonsteknologiske Høgskole, Aage
Rognsaa, i kronikk i Morgenbladet*



Ein kavalkade over det muntre innslaget i norsk daglegtale

Er det nokon som hugsar lektor Ingvald Marm? I 1962, for snart 50 år sidan, gav han ut boka *Slang og sjargong*, med undertittelen *En kavalkade over det muntre innslaget i norsk hverdagstale*. Han er elles kjent for si militære ordbok (1955) og for å ha skrive ei lærebok i norsk saman med Alf Sommerfelt: *Teach yourself Norwegian : a book of self-instruction in the Norwegian riksmål* (1943). Marm tenestegjorde som informasjonsoffiser i England under krigen og var undervisningsinspektør i Hæren frå 1955 til han gjekk av med pensjon i 1980.

Samtidig interesserte han seg altså for slang. Og det er med interesse eg les i denne gamle boka, *Slang og sjargong*, som hadde funne vegen til bokhylla mi. Allereie i første setning gir Marm oss ein morosam definisjon: «Slang og sjargong er av de ord som folk i moden alder gjerne rynker på nesa av.» Samtidig var Marm fullt medviten om at slangen ofte skiftar frå generasjon til generasjon; han skriv at slangen har eit døgnflugeaktig preg over seg. Eg må straks tenke på våre dagars «tert», «lø» og «sjofe». Skal tru korleis kebabnorsken vil bli sjåande ut for slangordboklesarar om femti år?

Men no skal vi halde oss til Marm. Kva slags døme på «muntre innslag i norsk hverdagstale» er det han har funne i 1962?

Det første dømet er inspirert av sommaroppshaldet ved sjøen: «Hvis du bølger forbi, så skvulp innom 'a.» Litt

Wam og Vennerød, men greitt nok. Men så får eg vite at ordet *gøy* egentleg er overteke frå «fantesperåket», at ein tøff type er «hard i lakkem» og at «aluminiumsstine» er eit omgrep for «en kjølig moderne pike». Interessant! Dette sistnemnde ordet fanst ikkje i ordforrådet mitt frå før. Eg les òg at det nyaste uttrykket for fint kledd vestkantungdom i Oslo var «blupper» i 1962.

Og Marm gjev meg meir. *Gratulerer* kunne visstnok heite «skrabbers». Å *danse* kunne omtalast som «å dømte lakk». Mens fjernsyn gjerne vart kalla «flimrekinno» på slutten av 1950-talet. Det fanst også slang som var på grensa til ufin: «hamstringslass» for *omfangsrik dame* og «liksvette» om havresuppa ein fekk servert i militæret.

Nokre av slangorda Marm nemner, kjenner eg att som ord i dagleg bruk også i 2010 (som *barsk*, *konk* og *likvidere*). Andre ord og uttrykk er heilt framande, i det minste for meg. Marm skriv til dømes: «Temmelig kjent i norsk slang er ordet *fuffins*, som betyr noe mistenkelig, muggent.» Det ordet eg tenkjer på som kjent, *muffens*, eventuelt *muffins*, skal visstnok vere ei samanslåing av *muggent* og «*fuffins*».

Ein blir reint munter av å lese ei slik bok, ei språkleg tidsreise attende til daglegtalen på 1960-talet. Mange vil kanskje hugse orda og uttrykka frå denne tida. Mens vi som er under femti, kan gle oss over Ingvald Marm.



Medisinsk fagspråk

– gradvis mer folkelig og forståelig?

■ MAGNE NYLENNÅ

«Prøvene var negative.» Denne tilbakemeldingen fra legen har skapt bekymring hos mer enn én pasient. Men i medisinsk fagspråk betyr dette at blodprøver eller andre undersøkelser ikke viser tegn på den sykdommen eller tilstanden det har vært mistanke om.

Slik sett er negative prøvesvar det mest positive som kan tenkes i helsetjenesten. Og samtidig viser det hvordan selv vanlige ord kan brukes på ulike måter.

Selv om de fleste yrkesgrupper har sin egen terminologi, har nok det medisinske fagspråket blitt sett på som mer lukket og blitt utsatt for mer kritikk enn de fleste andre. Dels kan det skyldes en mistanke om at språket er blitt brukt som et maktmiddel av legene, dels at helse og sykdom er så følsomme livsområder at manglende forståelse av ord

og uttrykk skaper angst og usikkerhet.

Som innenfor andre fagområder er det imidlertid også i medisinen behov for termer som er mer presise og spesifikke enn de som finnes i allmennspråket. I en verden som blir stadig mer internasjonal, er det heller ingen ulempe at faguttrykk gjenkjennes på tvers av landegrensene.

Fra gresk og latin til engelsk

Hippokrates (ca. 460–ca. 377 f.Kr.) regnes som legekunstens far, og de såkalte

hippokratiske skrifter er grunnen til at gresk var det første europeiske språket med innflytelse på medisinske terminologi. Deretter fulgte latinen. Det skyldtes først Romerrikets betydning og deretter at omsorgen for syke gjennom middelalderen ble ivaretatt av kirken, som hadde latin som sitt språk. Etter en kort periode der fransk og særlig tysk var de

Akronymer og eponymer

Et spesielt fenomen i det medisinske fagspråket er forkortingene, spesielt initialord (*akronymer*), og navn på sykdommer, organer og undersøkelser oppkalt etter personer (*eponymer*).

Et økende antall forkortinger preger de fleste språkområder, men fagspråkene er særlig utsatt. *Hiv* og *aids* er etter

«Negative prøvesvar er det mest positive som kan tenkes i helsetjenesten.»

viktigste vitenskapsspråkene i begynnelsen av det 20. århundret, har engelsk vært dominerende i all medisinsk forskning etter annen verdenskrig.

Arterie 'pulsåre' og *erytem* 'rødt utsløtt' er eksempler på opprinnelig greske ord. *Angina pectoris* 'hjertekrampe' og *virus* (betyr egentlig 'giftstoff') er eksempler på latinske ord. Fortsatt er både anatomiske betegnelser og diagnoser dominert av ord med gresk eller latinsk opprinnelse. Men i de senere årene har stadig flere av de medisinske fremmedordene fått norsk stavemåte, uttale og bøyningsform, ikke minst i sammensetninger. I dag er det for øvrig engelske ord som *bypass* og *flow* som utgjør de fleste «nyord» i den medisinske terminologien.

For folk flest betyr det nok lite hvilken språklig opprinnelse et fremmedord har. Det viktigste er om ordet gir mening eller ikke. Med økende utdanningsnivå og internasjonalisering i befolkningen forstår nok stadig flere nordmenn betydningen av ord som *obstipasjon* 'forstoppelse' og *tumor* 'svulst'. Samtidig prøver fagmiljøene mer enn før å finne norske avløserord, for eksempel *drepercelle* (for *killer cell*) og *etterlevelse* (for *compliance*).

bare vel 25 års eksistens så innarbeidet i norsk språk at forkortingene skrives med små bokstaver og bøyes som norske ord. Og *KOLS/kols* (kronisk obstruktiv lungesykdom), som inntil nylig ikke en gang ble akseptert som forkorting i medisinske tidsskrifter, er på full fart inn i dagligtalen. Det samme gjelder bildediagnostiske metoder som CT (computertomografi) og MR (magnetisk resonans, oftest brukt om magnet-tomografi).

Parkinsons sykdom og *parkinsonisme* (merk: med og uten stor *P*), som har navn etter den britiske legen James Parkinson (1755–1824), og *Downs syndrom*, som har navn etter den britiske legen John H.L. Down (1828–1896), er eksempler på såkalte eponymer. Det finnes mange tusen slike ord og begreper, og de brukes daglig som en viktig del av det medisinske fagspråket. Eponymer oppstår sjeldnere nå enn før, og bruken av dem er omstridt. Det skyldes både at det sjelden er én person alene som kan tillegges æren for en medisinsk oppdagelse, og at flere av de personene som har fått tilstander oppkalt etter seg, viser seg å ha en tvilsom og iblant lite ærefull historie.

Dagens pasienter vil ha innsyn og forklaring

Pasientrettighetsloven fra 1999 fastslår at «[p]asienten skal ha den informasjon som er nødvendig for å få innsikt i sin helsetilstand og innholdet i helsehjelp

sjonsteknologi finner motiverte personer svar på det meste. Slik blir den vanskelige og fortsatt lukkede delen av legespråket sakte, men sikkert mindre. For denne restdelen av fagspråket må legene oppfylle sin informasjonsplikt

-
- «Pasientene må benytte sin rett til å kreve forståelige forklaringer.»

pen» (§ 3-2). Dessuten skal informasjonen tilpasses den enkelte mottaker, og helsepersonell skal «så langt som mulig sikre seg at pasienten har forstått innholdet og betydningen av opplysningene» (§ 3-5). Kombinert med mer brukerorienterte pasienter og pårørende stiller dette krav til større åpenhet i alle deler av helsetjenesten.

Dette fører til en forenkling og fornyring av det medisinske språket, ikke minst i pasientjournaler. Samtidig blir befolkningen stadig bedre utdannet, og ved hjelp av moderne informa-

overfor pasientene ved hjelp av «oversettelser». Og pasientene må benytte sin rett til å kreve forståelige forklaringer.

.....

Magne Nylenna er lege og redaktør for Helsebiblioteket i Nasjonalt kunnskaps-senter for helsetjenesten. Han er professor II i samfunnsmedisin ved Universitetet i Oslo og NTNU og redaktør av Kunnskapsforlagets *Medisinsk ordbok*. Nylenna holder foredrag på Språkdagen 2010 (se nedenfor).

SPRÅKDAGEN 2010: SPRÅK PÅ LIV OG DØD

Språkrådet inviterer til sin årlige språkkonferanse, denne gang i Oslo Konserthus onsdag 10. november. Det er Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk som er ansvarlig for programmet.

Problemstillinger som vil bli behandlet i løpet av dagen, er blant andre disse:

- Klarer vi oss uten norsk terminologi og fagspråk?*
- Hva må til for at folk flest skal forstå eksperter?*
- Hvilke krav stilles til godt fagspråk og god faglig formidling?*

Arrangementet er gratis. Påmeldingsfristen er 22. oktober. Nærmere omtale og påmeldingsskjema finner du på www.språkrådet.no og www.sprakradet.no.

Standard Norge gjør norsk terminologi tilgjengelig

■ KJERSTI DRØSDAL VIKØREN

Standard Norge skal tilgjengeliggjøre terminologi som er samlet i forbindelse med standardiseringsarbeidet i organisasjonen og i de organisasjonene som ble slått sammen til Standard Norge i 2003. Prosjektet representerer et stort løft for norsk terminologi, ettersom termer fra mange fagområder vil bli fritt tilgjengelige på begge målformer.

Standard Norge har mottatt 1,9 millioner kroner i støtte fra Kulturdepartementet for å samle og tilgjengeliggjøre terminologisamlingene i organisasjonen. Det har resultert i et prosjekt som har høy prioritet i Standard Norge. Organisasjonen er nå i ferd med å utvikle en helt ny termbase som skal gjøres fritt tilgjengelig på Internett. I tillegg til å tilgjengeliggjøre hittil registrert terminologi på bokmål, engelsk, tysk og fransk arbeider vi med å utvikle ny norsk terminologi gjennom oversettelse av standarder til bokmål eller nynorsk. Standard Norge vil også øke termtilfanget på nynorsk ved å overføre alle bokmålstermer i databasen til nynorsk.

Prosjektet gjennomføres i samarbeid med Språkrådets terminologitjeneste, som har utarbeidet de språklige retningslinjene for prosjektet og bidrar i det praktiske arbeidet. Det er opprettet en faglig styringsgruppe med representanter fra Standard Norge, Språkrådet, Utenriksdepartementets EØS-sekretariat, Norges handelshøyskole, forskningsavdelingen Uni Digital ved Universitetet i Bergen og Kulturdepartementet.

Standardisering

Standard Norge er en privat og uavhengig medlemsorganisasjon og er det norske medlemmet av den europeiske standardiseringsorganisasjonen CEN og den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO. Standard Norge fastsetter årlig rundt 1200 standarder innenfor de fleste samfunnsområder. Unntakene er telekommunikasjon og elektronikk, som håndteres av henholdsvis Post- og teletilsynet og Norsk Elektroteknisk Komité.

Standarder angir krav til produkter, prosesser eller tjenester og utarbeides av tekniske komiteer med fagekspert fra for eksempel myndigheter, bedrifter, forskning, frivillige organisasjoner og arbeidstakerorganisasjoner. Det er frivillig å bruke standarder, men de utfyller ofte EU-direktiver, nasjonalt lovverk og forskrifter. Standarder bidrar til å forenkle og systematisere. Et eksempel på et standardisert produkt er kredittkortet. Fordi de ulike egenskapene ved et kredittkort (magnetstripen, brikken, størrelsen på kortet osv.) er standardisert, kan det brukes over hele verden.

Standardisering og terminologi

Terminologi er en samling ord og uttrykk som hører til innenfor et avgrenset fagområde. Formålet med utvikling av fagterminologi er å gjøre utveksling av fagkunnskap lettere og mer entydig. God norsk fagterminologi er avgjørende for god fagspråklig kommunikasjon på norsk, både faginternt og fageksternt. Uten et klart norsk fagspråk risikerer vi domenetap, dvs. at norsk språk forsvinner fra et fagområde, og at termer fra andre språk importeres og brukes i stedet for termer på norsk. Dette ser vi bl.a. i IT-bransjen, der engelsk er svært vanlig.

Ved import av fagkunnskap, f.eks. bruk av fremmedspråklig undervisningsmaterieell eller fastsetting av internasjonale standarder, er det et tydelig behov for norsk terminologi. Fordi de fleste kommuniserer best på eget morsmål, kan bruk av fremmedspråklige termer føre til at mange ikke forstår den

beide nasjonale standarder har Standard Norge utviklet en stor mengde norsk terminologi fra en rekke samfunnsområder. Terminologien finnes i to databaser: Milterm og en intern database.

Milterm har mer enn 20 000 termer på engelsk og bokmål med relevans for miljøsektoren. Termene er hentet fra norske og internasjonale miljøstandarder, den engelske og norske utgaven av Gemet (General Multilingual Environmental Thesaurus) og Norsk Miljøtesaurus. Databasen har i flere år vært fritt tilgjengelig på Internett via Standard Norges nettsider.

Den interne termbasen har hittil vært tilgjengelig internt i Standard Norge og inneholder i dag mer enn 40 000 termposter. Denne termbasen består primært av oversettelsesbasert terminologi, men det registreres også terminologi fra nasjonale standardiseringsprosjekter. Databasen skal bidra til å sikre konsistent terminologi i norske standarder.

«Standarder bidrar til å forenkle og systematisere. Et eksempel på et standardisert produkt er kredittkortet.»

nye kunnskapen godt nok, og det kan igjen påvirke utviklingen på viktige samfunnsområder.

En standard inneholder som regel et eget termkapittel der termer som er vesentlige for tolkingen av standarden, er definert. Fagkomiteen som utvikler standarden, definerer termene spesielt med tanke på den standarden de forekommer i. Det utarbeides også rene terminologistandarder som skal sikre ensartet terminologi i standarder om samme tema.

Standard Norges terminologisamling

Som et resultat av arbeidet med å oversette internasjonale standarder og utar-

Termene som registreres i databasen, får en grundig kvalitetssikring. Termkapittelet og det øvrige faglige innholdet i de aktuelle standardene kontrolleres av fagekspertene. I tillegg utføres en språklig kontroll. Når en oversatt eller nasjonalt utarbeidet standard er fastsatt, overføres termene til en database som er tilgjengelig via Standard Norges interne nettverk.

Prosjektet

I det prosjektet som nå pågår, skal Milterm og den interne databasen samles og tilgjengeliggjøres. I framtiden kan det bli aktuelt å innlemme andre termsamlinger i databasen.

Arbeidet er organisert i delprosjekter. I forbindelse med tilgjengeliggingen av terminologien er det satt i gang en kvalitetssikring av materialet. Termer, definisjoner, merknader og annen informasjon i termpostene kontrolleres med tanke på språklige feil og andre mangler. Mesteparten av materialet er hentet fra utgitte standarder og har allerede vært gjenstand for faglig kvalitetssikring. Faglige aspekter vurderes på nytt ved tvilstilfeller.

Prosjektet inneholder også en data-teknisk del, og Standard Norge er i ferd med å utvikle en helt ny database. Terminologisamlingene skal harmoniseres og overføres til den nye databasen. Det skal utvikles et brukergrensesnitt med ulike nivåer av rettigheter avhengig av brukergrupper og et redigeringsverktøy for vedlikehold og oppdatering av databasen. Termbasen skal også fungere sammen med andre komplekse IT-systemer ved Standard Norge.

Siden det skal utvikles ny norsk terminologi, inngår det også et delprosjekt der det oversettes et utvalg viktige standarder. Disse oversettelsesprosjektene kommer i tillegg til Standard Norges ordinære oversettelsesomfang. Et utvalg av tekstene i terminologiprojektet oversettes til nynorsk. Termene fra oversettelsene vil bli lagt til i termbasen, og nynorske termer vil bli overført til bokmål.

Et annet delprosjekt går ut på å øke termtilfanget på nynorsk. Alle bokmåstermer som er registrert hittil, skal overføres til nynorsk. Språkrådets terminologitjeneste bidrar i dette arbeidet. Gjennom oversettelsesprosjekter og overføring av bokmåstermer vil nynorsk terminologi foreligge på områder hvor det fra før ikke eksisterte termer på denne målformen. Dermed vil dette

utgjøre en språklig domenegevinst for nynorsk.

Den nye termbasen

Standard Norges nye termbase vil inneholde terminologi på engelsk, bokmål, nynorsk, tysk og fransk fra en rekke samfunnsområder der det har vært drevet standardisering (arbeidsmiljø; bygg, anlegg og eiendom; fiskeri, landbruk og mat; forbrukerspørsmål; helse; industri; IKT; kvalitet; miljø og bærekraft; petroleum; samfunnssikkerhet; tjenester; universell utforming m.m.).

En termpost i termbasen kan blant annet inneholde følgende typer informasjon:

- termer (hovedtermer, synonymer, forkortelser)
- symboler og formler
- definisjoner og merknader
- kommentarer om bruk
- kildehenvisninger
- fagområder

Standard Norge ønsker med dette prosjektet å utvikle et fritt tilgjengelig terminologiverktøy til nytte for alle som skriver, tolker og oversetter fagspråklig tekst. Vi håper at så mange som mulig vil benytte seg av termbasen, og at det vil bidra til å utvikle norsk fagspråk og forbedre den tekstlige kvaliteten i norsk faglitteratur.

.....

Kjersti Drøsdal Vikøren er cand.philol. Hun er ansatt i Standard Norge, hvor hun leder prosjektet for tilgjengeliggjøring av terminologi.

Gjendikting i boble

■ GARD ESPELAND

Å omsetje teikneseriar byr på spesielle utfordringar. Plassen er trang, og teksten er bunden opp til ei teikning. Men elles står teikneserieomsetjaren friare enn dei som omset rein tekst.

Kva funksjon har teikneseriar i dagsaviser? Saman med andre faste element er det noko lesaren kjenner att frå dag til dag, og som går inn i ein fast rutine for kva vi les i avisa. Det tek berre nokre sekund, og vi hoppar difor ikkje over ein teikneserie av tidsnaud – dersom vi først har for vane å lese teikneseriar. Blar vi gjennom ei avis, finn vi mange andre slike faste element, som vitsar, sitat, horoskop eller eit gammalt bilete – alt saker som har ingen eller liten nyhendeverdi. Målet med desse elementa er mellom anna at lesaren skal stanse opp når han blar, og få forsterka kjensla av å ha lese avisa slik at han kjøper ei ny avis

handlinga går så sakte at du kan hoppe over nokre aviser utan at du mistar tråden, pluss at tradisjonen kring Fantomet er stor.

Tronge rammer

Den som omset teikneseriar, må arbeide innanfor svært tronge rammer, bokstavleg talt. Plassen i boblene er avgrensa. Alle formuleringar må difor gjerast så stutte som råd, men likevel inntil ei viss grense for at det ikkje skal bli for mykje luft i høve til teksten inne i bobla. Før dataalderen, da omsetjinga vart gjort for hand på papir, kunne ei boble skjerast bort, men ein gjorde ikkje

● «Ein teikneserie kan samanliknast med lyrikk.»

neste dag eller fornyar abonnementet. For at nokon skal ha glede av å lese ein slik teikneserie, må han vere morosam, i det minste pussig, eller ha eit tema som lesaren kjenner seg att i, for eksempel ein tanke lesaren har tenkt, men enno ikkje formulert. Slik sett kan ein teikneserie samanliknast med lyrikk.

Tidlegare fanst det også framhaldseriar med handling i avisene, men av desse er det no nesten berre Fantomet att. Løyndomen med denne serien er at

det så ofte, fordi det ikkje var lett å teikne nye, pene bobler. Digitaliseringa har gjort slike inngrep meir vanskelege, men til gjengjeld er det no lettare å tilpasse teksten.

Den andre ramma er teikninga. Ho er eit fast element og kan normalt ikkje endrast. Og det må alltid vere eit samspel mellom tekst og teikning, det er nettopp det som er karakteristisk for teikneseriane. Men i høve til dei som tekstar utanlandske filmar, har teikne-



På norsk vart teksten slik: Vil du ha ein slurk ammoniakk? / Du meiner vel Armagnac? / Eh ... Ja! Men er ikkje det nesten det same? / Folkeopplysninga ligg noko på etterskot!

serieomsetjaren ein stor fordel: Dei som les, veit ikkje korleis originalen var.

Kva som er morsamt og gjenkjennelig, varierer sjølvsagt frå kultur til kultur, og det har difor vore tradisjon for å tilpasse avisseriane til norske forhold. I USA, der svært mange av avisseriane kjem frå, verkar det for eksempel som om det generelt er knytt sterke negative kjensler til det å betale skatt. Hos oss er det naturleg å rette noko av denne aggresjonen mot bankane i staden. Eit anna døme er at golf er ein vanleg fritidssyssele for menn i USA. Hos oss er jakt og fiske meir vanleg, og det er difor naturleg å bruke dette i seriar der ein ikkje er bunden av teikninga.

Den største utfordringa er amerikanske ordspel som ikkje gjev mening om ein omset dei direkte, og som dessutan er knytte til teikninga. Og ein kan ikkje forkaste enkeltstriper som er vanskelege å omsetje. Gjorde ein det, kom ein snart i manko på striper og mista det forspranget omsetjaren må ha.

Trufast mot tradisjonen

Den som omset fagprosa, romanar, skodespel og lyrikk, må sjølvsagt vere tru mot teksten og forfattaren. Dette gjeld ikkje i like stor grad for teikneseriar, og spesielt ikkje for dagsstriper i avisene.

Omsetjaren må sjølvsagt vere tru mot personane i serien og ikkje tilleggje dei andre eigenskapar enn dei eigentleg har, men elles står han temmeleg fritt om han held seg innanfor tonen og tradisjonen i serien. Og fordi ein amerikansk teikneserie ofte meir er eit gruppearbeid enn resultatet av innsatsen til eit enkelt menneske, er det liten grunn til dårleg samvit om ein endrar ein god del. Ein gong fekk eg høve til å diskutere dette med ein av dei store amerikanske teikneserieskaparane, og han var fullt innforstått med at slik må det vere.

Grovt rekna er 90 prosent av dei amerikanske dagsstripene rein plankekjøring utan andre utfordringar enn å få til ein god munnleg og aktuell norsk. Det er dei siste ti prosentane med ordspel knytte til teikninga som skapar problem. Ofte går ordspelet på at eit ord kan ha to heilt ulike tydingar, som til dømes «to dig», som kan tyde både 'å grave' og 'å setje stor pris på noko'.

Nokre døme: Sjefen gjev eit brev til ei kontordame med ordre om «to file it», som kan tyde både 'å arkivere' og 'å file'. Ho tek da fram naglefila si og går laus på brevet. Ein måte å omsetje dette på er at sjefen seier: «Kan du gjere dette svarbrevet litt skarpere i kantane?» Kontordama misforstår og tek fram naglefila.

Hårek står framfor ei borg, blir skjelt ut av nokon som står på borga, og prøver å forsvare seg med eit kvad: «Sticks and stones may break my bones but names will never hurt me!» Deretter kastar dei på borga store haugar med stein og trepinnar på han slik at han blir heilt gravlagd. I den norske teksten

litiske debatten, som låglønnsprofil og klimakvotar, der dette kan passe med teikningane.

På amerikansk inneheld lydorda ofte dei unorske bokstavane *c*, *w* og *z*. Bokstaven *z* er akseptert som snorke- eller sovelyd, men dei andre lydorda bør omsetjast med dei norske *klirr*, *svupp*, *krasj*,

«Det er stripene med ordspel knytte til teikninga som skapar problem.»

må difor orda «stein» og «tre» vere med, og det norske kvadet blir da slik: «Stein og tre legg mannen ned, men for nidord står han like bein.»

Halloween-feiringa dukka opp i teikneseriane før feiringa kom til Noreg, og spørsmålet var da kva norske barn skulle seie i staden for «trick or treat». Det burde vere bokstavrim, og det vart «knep eller knask», som via teikneseriane tek til å bli vanleg i Noreg.

Det finst ingen standard for korleis ein løysar slike problem, ein må fantasere seg fram til noko i kvart einskilt høve.

Faste uttrykk

I avisseriar som Snøfte og Andy Capp gjekk omsetjarane langt i å finne fram til mange eigne uttrykk til erstatning for dei som var brukte i originalen – i Snøfte mellom anna «saft suse» og «heisvingande bangditt». «Saft suse» er henta frå dansk, der uttrykket er «saft suse mig» eller «saftsuseme». I lengre teikneseriar, som album, kan lokale dialektar i originalen gje store utfordringar. Alle kjenner historia om Donald Duck og firkantegga.

Ønsker ein å leggje mykje arbeid i omsetjinga, kan ein finne fram til ord som er aktuelle i for eksempel den po-

bang, *plask*, *dunk* og så vidare. I fargeseriar er dette teknisk noko arbeidskrevjande og blir difor ofte ikkje gjort.

For ein omsetjar er det alltid moro å sjå att seriestriper på oppslagstavler og kjøleskåpsdører. Men det har da slått meg meir enn ein gong at lesarane greier å tolke meir inn i serien enn både serie-skaparen og omsetjaren har tenkt.

.....
Gard Espeland er skribent og omsetjar. Han har mellom anna omsett teikneserien Hårek til norsk sidan 1973.



Uttale av tostava etternavn som ender på -er

■ VIGLEIK LEIRA

Uten at vi tenker over det, uttaler de fleste av oss ordet *sola* og stedsnavnet *Sola* ulikt. Det dreier seg her om en tonemforskjell, dvs. en forskjell i ordtone.

Tonemforskjellen i ord og navn som *sola* (på himmelen, tonem 1) og *Sola* (flyplassen ved Stavanger, tonem 2) har ingen direkte markering i vanlig skrift. Likevel mestrer de fleste med norsk som morsmål tonemveksling temmelig automatisk, uten noen opplæring og for det meste heilt ubevisst.

Der fins noen felt der skriftbildet (og til en viss grad grammatisk kunnskap) indirekte bidrar til å sondre mellom tonema og å plassere dem riktig. Med svært få unntak gjelder det f.eks. tostava ord og navn med utgang på trykklett -e i skriftbildet. De får automatisk tonem

2, jamfør infinitiver i verb (*hoppe, leve*) og flertallsformer av adjektiv (*rike, store*). Men dersom skriftbildet hefter på en stum -t til slutt, slik som i bestemt form entall av en del intetkjønnsord, blir det tonem 1: *kottet* (av *kott*), *slottet* (av *slott*). Disse to orda står i motsetning til etternavnet *Kotte* og flertallsforma *flotte* (begge med tonem 2).

Et anna felt med sterk tendens til automatisering i retning av tonem 1 er tostava etternavn med utgang på trykklett -er. Navn med tonem 2 (markert med understreking) er avgjort i mindretall. Se på denne lista:

Adler	Corner	Fraser	Holmer	Krüger	Naper	Schlytter	Sæther	Winger
Alver	Cramer	Fritzner	<u>Holter</u>	Körner	Nitter	Schneider	Thomter	Winther
Anker	Dager	Funder	Huser	Kaaber	Noer	Schnitler	Tiller	Wittner
Bacher	Dahler	Garder	Høier	Langer	Otter	Schreiner	Turter	Wyller
Baltner	Danner	Geiger	Høyer	<u>Lier</u>	Plahter	Schuster	<u>Tveter</u>	Wølner
Becher	Drecker	Giæver	Ihler	Lindtner	Plesner	Schweder	Tønder	Waalder
Berner	Drejer	Glaser	lunker	<u>Lunder</u>	Ranger	Schüller	Unger	Zeiler
<u>Blaker</u>	Dreyer	Greger	Jasper	Maier	Reber	Selmer	Venner	Ziegler
Branner	Edler	Grüner	Joner	<u>Marker</u>	Reier	Sender	Viker	Ziener
Breuer	Eger	Gaarder	Jæger	Meder	Reuter	<u>Skoger</u>	Vister	Ziesler
Bronder	Egner	Hadler	Keller	Meyer	Riiser	Sletner	Wager	<u>Åser</u>
Brouwer	Eppler	Hamer	Keyser	Moter	Roer	Sommer	Wagner	
Brucker	Faller	Hammer	Kjeller	Myhrer	Roscher	<u>Staver</u>	Wallster	
Buer	Ferner	Hauger	Kjøner	Müller	Ruyter	Steiner	Walter	
Bødtker	Feyer	Heber	Kloster	Münter	Ræder	<u>Stovner</u>	Webster	
Bøhler	Fischer	Heier	Kohler	Myrer	Røer	Stranger	Wegner	
Bøhmer	Fleischer	Heuer	Kramer	Møller	Sauer	Størmer	Wenner	
<u>Bøler</u>	Fosser	Hjertner	Krister	Mørner	Scheibler	Sæter	Werner	

Her vil de fleste norsktalende trolig temmelig mekanisk gi tonem 1 til brorparten av navna. En sterkt medvirkende årsak er sjølve skriftbildet. Allerede den store forbokstaven bærer bud om at det ikke dreier seg om ordinære ordformer. Stavemåten *Møller* utelukker f.eks. både flertall av ordet *mølle* og *møller* som yrkesbetegnelse. Dersom der i tillegg kommer inn avvikende bokstaveringer som *c*-er, stumme *h*-er og bokstavkjeden *sch*, forsterker det tendensen til å bruke tonem 1.

Endinga *-er* i norske ordformer har bl.a. de tre hovedoppgavene å markere presens i verb (*hopper*, *lever*), ubestemt flertall i hankjønns- og hunkjønns substantiv (*stater*, *jenter*) og ubestemt entall i nomina agentis, dvs. substantiv som er laga til verb og som betegner person eller innretning som utfører noe (slik som i *kjøpe* > *kjøper*, *skrive* > *skriver*). Etternavn med utgangen *-er* vil derfor ofte «kollidere» med andre ordformer. Den store forbokstaven kan noen ganger være nok til å gi etternavnet tonem 1 – i kontrast til tonem 2 i ordformer som ikke er etternavn, som i *Unger* kontra substantivet *unger*, *Dreyer* kontra presens *dreier*. Andre ganger, f.eks. når etternavnet bygger direkte på norske stedsnavn eller betegnelser på terrengtyper, kan tonemet i opphavsordet få gjennomslag i etternavnet, jamfør her etternavna *Blaker*, *Bøler*, *Lier*, *Lunder*, *Marker*, *Skoger*, *Staver*, *Stovner* (alle med tonem 2).

Bakgrunnen for den sterke posisjonen tonem 1 har i tostava etternavn med utgang på *-er*, er at denne navnetypen for en stor del bygger på tysk opphav. Tonem 1 er det regulære for ord og navn med opphav i utalandsk språkstoff. Derfor trengs der spesielle grunner for å gi tonem 2 til etternavn

med samme struktur. Direkte tilknytning til et reint norsk navne- og ordtilfang med tonem 2 kan være en slik, f.eks. i etternavnet *Lier*.

Etternavnet *Bøler* gir en god illustrasjon på hva skriftbildet kan utrette. Med stavemåten *Bøler* blir det automatisk tonem 2. Setter vi inn en *h*, kan vi bli i tvil. Men politikernavnet (*Jan*) *Bøhler* i Oslo har tonem 2. Skulle tekstsammenhengen vise til at *Bøhler* er en ikke-norsk person, ville det mest sannsynlig bli tonem 1. Med rein tysk skrivemåte (som i skiløpernavnet *Stephanie Boehler*) er der ikke tvil lenger. Det blir tonem 1.

Noen ganger kan der være sammenfall i tonembruken. Etternavnet *Sommer* (tonem 1) skiller seg fra årstidnavnet *sommer* med tonem 2. Derimot faller etternavnet *Winther* sammen med årstidnavnet *vinter*, begge med tonem 1. Etternavnet *Kloster* og fellesnavnet *kloster* faller også sammen med tonem 1.

Svært ofte vil imidlertid tonemforskjellen resultere i det vi kaller *minimalpar*, dvs. ordpar der uttalen ikke har noen annen skilnad enn at etternavnet med tonem 1 står i motsetning til ei anna ordform med tonem 2. Jamfør f.eks. disse para: *Dreyer/dreier*, *Hammer/hammer*, *Høyer/høyer*, *Meyer/meier*, *Møller/møller*, *Werner/verner*, *Wittner/vitner*.

Tostava etternavn som ender på trykklett *-er*, viser at skriftbildet ofte på en indirekte måte angir hvilket tonem navnet skal ha.

.....

Vigleik Leira (1931–2010) arbeidet i Språkrådet fra 1975 til 2001.

Agurktid på mange språk

■ DAG F. SIMONSEN

Vet du hvorfor det heter *agurktid* og *agurknyheter*?

Språknytt hadde i nr. 3/2008 en notis med overskriften «Norsk agurkeeksport», der vi skrev at det norske begrepet *agurknytt* (eller *agurknyheter*) hadde funnet veien til internasjonal presse og fått en engelsk oversettelse. Agurknytt er som kjent avisoppslag om betydningsløse ting om sommeren, når det generelt skjer lite og er lite stoff. Kilden for notisen var en artikkel i avisen *The Economist*, som skrev om «what Norwegians call 'cucumber stories'».

En dunkel historie

Det kan godt være at *agurknytt* er en norsk oppfinnelse. Men *agurktid*, som ligger til grunn for det, har så langt fra norsk opphav. Mange lurer på hvorfor det heter *agurktid*, og svaret er at dette er høyst usikkert. Men ordet har en spennende historie og går igjen i mange språk.

Agurktida er altså den perioden om sommeren da avisene har lite å skrive om. Ordet er kjent hos oss i alle fall siden tidlig på 1900-tallet (i dansk alt på 1800-tallet) og kommer ifølge ordbøkene fra tysk *Sauregurkenzeit(en)*. Opprinnelig var agurktida en dødtid i forretningslivet generelt, ikke bare i

mediene, men ordet er nå innsnevret til å gjelde avisene spesielt.

Kjøpmenn i Berlin?

Det er minst to forklaringer på hvorfor det heter agurktid. En av dem sier at det tyske ordet oppstod blant kjøpmenn i Berlin og betegnet den tida da de små agurkene ble modne og ble syltet og lagt på glass. Dette var om sommeren, da det ellers skjedde lite. At agurkene er med i bildet, skyldtes enten at berlinerne spiste mye agurker om sommeren – kanskje fordi det var mangel på annen mat – eller at bøndene kom til markedet med varer på seinsommeren.

Fra jiddisk?

En annen forklaring er at det tyske ordet er en forvanskning av *zoréss- und jókress-zeit* (fra et hemmelig forbryter- eller omstreiferspråk eller fra søreuropeiske kjøpmenns uforståelige tale). Opphavet skal i så fall være jiddisk *zoro und joker*, fra hebraisk *zarót* og *jakrút*, 'lidelses- og dyrtid'. Bakgrunnen var at jødene i tre uker om sommeren sørget over ødeleggelsen av tempelet i Jerusalem. Dette var altså noe ganske annet enn en tid da forretningene gikk dårlig.

Fra skredderyrket?

Men det er slett ikke sikkert at noe av dette stemmer. *Agurktid* har nemlig direkte paralleller i en rekke europeiske språk. Det norske ordet er nok lånt fra tysk, der det er kjent fra 1700-tallet av. Men på engelsk er faktisk *cucumber time* (*cucumber* betyr 'agurk') registrert så tidlig som i 1700 og knyttet til skredderyrket (betegnet kanskje en tid da skredderne hadde fri). Opplysningen stammer fra en tidlig liste med ord fra forbryterspråket.

Spennende ordvandring

I sin moderne betydning heter agurktid *komkommertid* på nederlandsk (*komkommer* svarer til *cucumber*), *okurková*

sezóna på tsjekkisk, *sezon ogórkowy* på polsk og *uborkaszezon* på ungarsk, og det finnes tilsvarende ord eller uttrykk også på andre språk, deriblant moderne hebraisk, der det heter *onat ha'melafefonim*. Tysk *Gurke* (og norsk *agurk*) stammer fra eldre polsk *ogurek*, og i de tsjekkiske, polske og ungarske betegnelse kjennet vi vel igjen det samme ordet. Men hvilken vei ordlåningen her har gått, er sannelig ikke så lett å si sikkert.

.....

Dag F. Simonsen er seniorrådgiver i Språkrådet.



Aktuelt ord

Artikkelen om *agurktid* er tidligere publisert i spalten *Aktuelt ord* på forsida til Språkrådets nettsted www.sprakradet.no / www.spraakradet.no. I spalten tar vi opp aktuelle ord og tema og legger ut nye ord med jevne mellomrom. Dersom du går inn på internettadressen <http://www.sprakradet.no/Aktuelt-ord/>, finner du en liste over de ordene som har stått i spalten.

Om uttrykket «kan å lese»

Kommentar av Jan Terje Faarlund,
professor i nordisk språk ved
Universitetet i Oslo:

I Språknytt nr. 1 i år kan vi lesa om ei undersøking av kvaliteten på TV-tekstinga. Som gammal TV-tekstar var eg glad for å sjå at ho er betre enn sitt rykte – og atpåtill betre enn det artikkelforfattaren trur. Som døme på «dårlig norsk uttrykksmåte» nemner han *jeg kan å lese* i staden for *jeg kan lese*. Verbet *kunna* er tvitydig på norsk, det kan tyda 'vera i stand til, ha lært' eller 'ha høve til, få lov til'. I den siste tydinga er det modalt hjelpeverb og skal ikkje ha infinitivsmærket *å* etter seg. I somme norske dialektar, t.d. søraustnorsk, har heller ikkje *kunne* infinitivsmærke etter seg i den fyrste tydinga. I desse variantane av norsk er derfor setninga *jeg kan lese* tvitydig. Men i andre område, som det indre Austlandet og Trøndelag, bruker ein infinitivsmærke etter *kunna* i den fyrste, ikkje-modale tydinga. På den måten kan ein skilja mellom *ho kan å lesa* (ho har gått på skulen og lært det) og *ho kan lesa brevet* (det har ho høve/lov til). Vi har her ein syntaktisk dialektskilnad, og somme dialektar uttrykkjer her ein tydingsskilnad som andre dialektar ikkje gjer. Det er alvorleg når Språkrådet stemplar ein syntaktisk konstruksjon som dårlig norsk berre fordi han ikkje finst i søraustnorsk.

Jan Terje Faarlund

.....

Språknytt bad Språkrådets fagråd
for normering og språkoobservasjon
om synspunkt:

Prinsipielt vil vi understreke at det å fraråde en syntaktisk konstruksjon i skrift ikke innebærer at den stemples som «dårlig norsk» i talespråket, og uttrykket «dårlig norsk» burde derfor ha vært unngått. Spørsmålet er om konstruksjonen faktisk har en viss utbredelse i skriftspråket, eller om den f.eks. ville gi en tekst et muntlig preg. Det siste kan være en relevant påpekning, og uønsket i enkelte sjangre. Et klart eksempel på en slik konstruksjon er den nordnorske og nordvestlandske leddfølgen i spørresetninger: *Hva du heter?* Men siden syntaktiske regler er produktive og gir stort spillerom for kreativ og uforutsigelig bruk, bør normativ rådgivning omkring syntaks skje med stor forsiktighet.

Den aktuelle konstruksjonen, med infinitivsmærke etter *kunne*, har utvilsomt en mer begrenset bruk i skriftspråket, i hvert fall i bokmål, enn i de nevnte dialektene. Helt fremmed for skriftspråket er den vel likevel ikke, f.eks. ved en viss emfatisk understrekning av betydningen 'være i stand til': *Hun liker gutter som virkelig kan å kle seg*. Konstruksjonen ligger for så vidt i forlengelsen av at *kunne* også kan opptre med nominalt objekt: *Han kan engelsk, Han kan bil*. Derfor burde antagelig en fraråding av konstruksjonen erstattes med et mer nyansert råd om bruken og utbredelsen i skriftspråket.

Spansk og minoritetsspråk i Latin-Amerika og Spania

■ MIGUEL ÁNGEL QUESADA PACHECO

Spansk er eit språk i livleg kontakt med andre tungemål både på det amerikanske kontinentet og i Spania. Korleis er stoda for minoritetsspråka i desse områda?

Spansk er det offisielle språket i 21 land og blir talt både i Latin-Amerika og i Spania. Svært mange brukar det også i Belize, på Filippinane, i Guinea og i USA, som morsmål så vel som andrespråk. Dette romanske språket blir rekna som morsmålet åt 500 millionar, noko som gjer det til eit av verdas mest talte tungemål. Men i nesten alle land der spansk er offisielt språk, finst det eit mangfald av språk og kulturar som stort sett kan reknast som minoritetsspråk eller som andre offisielle språk ved sida av spansk. Det er ikkje snakk om nokre få, men om hundrevis av språk med tilhøyrande målføre som er underkasta det offisielle språket. Både Mexico og Colombia har t.d. meir enn 60 indianarspråk ved sida av spansk.

Dette språkmangfaldet gjer spansk til eit språk i stendig og livleg kontakt med andre tungemål så vel på det amerikanske kontinentet som i Spania. I Amerika finst det hundrevis av språk og språkgrupper (mayaspråk, quechua, aztekisk, chibcha, caribe, tupi-guarani, mapuche, kreolspråk mfl.). I Spania har me asturisk, galisisk, aragonsk, valensiansk, katalansk og baskisk i tillegg til spansk (kastiljansk).

Spansk – eit internasjonalt språk

I kolonitida rådde det ulike syn på den spanske språkpolitikken. På 1600-talet var Filip II ein tolerant konge; på hans tid og fram til 1700-talet var det ikkje berre lov å snakka indianarspråk utan hemning, men òg å undervisa i mange av desse språka. Misjonærane skreiv religiøse tekstar på nahuatl, mayaspråk, chibcha, quechua, guarani og tupi, og gjennom det kyrkjelege arbeidet sitt spreidde dei desse språka vidare til andre regionar. Takk vere denne verksemda (den såkalla misjonærlingvistikken) og desse tekstane er det i dag mogleg å studera mange indianarspråk ifrå ein språkhistorisk synsvinkel.

I kolonitida klaga fleire spanske guvernørar over at det ikkje var mogleg å krevja skatt i indianarbygder eller senda forskrifter eller regelverk på spansk til dei, av di svært mange ikkje forstod spansk. Liknande problem viste geistlege og religiøse myndigheiter til. Dei kunne ikkje spreia Guds ord blant indianarane, for heile kontinentet var fleirspråkleg og fleirkulturelt. Vidare laut mange misjonærar som hadde lært eit indianarspråk og dimed var i stand til å preika og feira messe, forlata regionen

etter ei tid. Det tvinga andre til å læra språket på ny, slik at det ikkje vart kontinuitet i evangeliseringskampanjen. Dette førde til at kong Karl III i 1770 forbaud bruken av indianarmål og er-

språkpolitikken som jesuittprestane hadde iverksett, hadde ingen andre tungemål nokon status inntil fram på 1900-talet. Då byrja mange språkbrukarar ei målreisingsrørsle som voks



«Takk vere misjonæranne er det i dag mogleg å studera mange indianarspråk ifrå ein språkhistorisk synsvinkel.»

klærte spansk som det offisielle språket i heile riket. Frå og med denne augneblinken laut alle snakka spansk for å ha eit arbeid eller bli tilsette i byråkratiet.

På 1800-talet, like etter at dei noverande spanskamerikanske landa vart sjølvstendige frå Spania, voks det fram to språkrørsler med motstridande grunnlag. Den eine rørsle var samansett av forfattarar og intellektuelle frå Argentina, Uruguay og Chile. Dei ville fjerna seg endå meir frå Spania og nytta eit sjølvstendig spansk skriftspråk med lokale særtrekk, reglar og ordforråd. Denne språkforma vart kalla *criollo*. Den andre rørsle stod derimot for ei tilnærming til Spania. Dei ville ta vare på det spanske språket og den spanske litteraturen i dei nye landa. Denne rørsle, som òg var samansett av mange forfattarar, var svært sterk og greidde å laga fleire grammatikkar og ordbøker som eit korrektiv til *criollo*. Til slutt vann dei kampen om eit einskapleg skriftspråk. Dimed er dei ansvarlege for at alle spansktalande i dag har eitt einaste skriftspråk på begge sider av Atlanterhavet. Av den grunn vart det ikkje utvikla to ulike skriftspråk, slik det er tilfellet i Noreg.

Mange minoritetsspråk døydde ut alt under det spanske herredømet. Med unntak av Paraguay, der guarani hadde oppnådd nasjonalstatus på grunn av

snøgt og førde til at ein god del av språka fekk status som offisielle språk ved sida av spansk, eller som lokale språk.

Gap mellom lovverket og røynda

I dag tek grunnlovene i nesten alle spansktalande land vare på språkkrettane åt dei som har andre språk enn spansk som morsmål. Etter Franco-diktaturet fekk alle minoritetsspråk i Spania nasjonalstatus og finansiell stønad gjennom dei regionale regjeringane, slik at folket kunne læra og snakka dei fritt. Dette inneber at alle borgarar i prinsippet er garanterte bruken av morsmålet sitt. Men der spansk lever på lik line med andre språk, som i Paraguay, finst det – med nokre få unntak – eit djupt gap mellom lovene med sine velmeinte paragrafar og kvardagen for språkbrukarane. Trass i flott formulerte lover og god innsats frå dei lokale myndighetene si side har det vore svært vanskeleg for t.d. galisisk, asturisk og aragonsk i Spania å bli rekna som viktige og likeverdige språk ved sida av spansk. Det same gjeld svært mange indianarspråk i Latin-Amerika. Det er fleire årsaker til gapet mellom målsetjing, ynskemål og røynd: elendige kår blant indianarar og andre minoritetar, mangelfull kommunikasjon (transport, kringkasting, skriftleg materiell), isolering frå langt betre utstyrte byar og skort på resursar

i kampen for eit betre tilvære. Når det desse gruppene treng, er det naudsynlege for kvardagen, blir det lite interesse for og mindre resursar til å ta vare på kulturelle, ikkje-primære levevilkår.

Det handlar her om minoritetsgrupper med rike kulturelle tradisjonar, men med liten eller ingen skriftleg tradisjon.

●
● «Mange foreldre snakkar helst spansk til borna sine, sjølv om dei ikkje meistrar dette språket like godt.»

Mange språk har inga einskapleg skriftnorm. Andre har ikkje noko språkpolitisk avgrensa skilje mellom det som kan kallast dialekt, og det som kan sjåast på som språk, noko som hindrar ein effektiv politikk for morsmålsundervisninga. Desse faktorane skapar ei rekkje vanskar for myndighetene når det gjeld språkplanlegging. Det skjer hyppig at regjeringane satsar på språk med mange tusen språkbrukarar, men set språk med få talarar til side. Ofte er det morsmålslærarar utan utdanning i eller med svært lite erfaring innanfor språkvitenskap, dialektologi eller pedagogikk som tek seg av morsmålsundervisninga.

Mange språkområde er delte på grunn av nasjonalpolitiske eller administrative grenser, som guaymi-språket mellom Costa Rica og Panama, chokó mellom Panama og Colombia, mayaspråk i Mexico, Guatemala og Honduras og garifuna og kreolsk langs den mellomamerikanske karibiske kysten. Desse landa manglar stort sett språkpolitisk koordinering. I tillegg kjem misjonærar med heilt motsette kulturelle idear, som får folket til å gløyma bort sitt eige språk og sin eigen kultur til fordel for spansk eller engelsk.

Det er eit kjent faktum at ikkje berre indianske språk og dialektar, men òg språk og dialektar i Spania har døydd ut

i løpet av dei siste 500 åra på grunn av herredømet til det spanske språket. Ein skal heller ikkje gløyma det psykologiske presset som brukarane av mange av desse språka har vore underlagde gjennom hundreåra pga. prestisjen spansken hadde framfor deira eige språk. Det har ført til låg språkleg sjølv-

tillit, og mange foreldre snakkar helst spansk til borna sine, sjølv om dei ikkje meistrar dette språket like godt.

Kva med framtida?

Kjem resten av minoritetsspråka til å overleva? Kjem dei til å ha dei same rettene som det spanske språket? Mykje tyder på at mange av dei i alle fall vil klara seg temmeleg lenge. Mange tel tusenvis av talarar, andre har millionar, som i tillegg råder over teknologi og støtte frå sine respektive regjeringar. Desse språkbrukarane har òg stor sjølv-tillit og har utvikla ein sterk kulturell identitet. Andre er i undergangsfasen, somme på sotteseng, og atter andre vil ha døydd ut før lingvistane veit ordet av det. Men det er òg sant at overalt der spansk dominerer, har alle vorte medvitne om at minoritetsspråksbrukarar har rett til å bruka morsmålet sitt, uttrykkja seg på det og bli underviste i det.

.....

Miguel Ángel Quesada Pacheco er fødd og oppvaksen i Costa Rica og er professor i spansk språk ved Institutt for framandspråk, Universitetet i Bergen.

OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk.

Vi vil gj det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og arbeider for å auke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjer Språkrådet for å styrkje stillinga til det norske språket:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen *Språkdagen* kvart år for å skape debatt om aktuelle utfordringar for norsk språk.
- Vi har ei eiga språkteneste for statsorgan som gir råd til statstilsette om korleis dei kan skrive klart og godt.
- Vi har ei eiga terminologiteneste som samordnar utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi og fremjar norsk fagspråk.
- Vi gir diplom til næringsdrivande som har gitt verksemda eit godt, kreativt norsk namn.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Vi fører tilsyn med at alle statsorgan følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi gir råd om korleis stadnamn skal skrivast på kart og vegskilt.
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrkjer bruken av norsk.
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg.

Direktøren i Språkrådet er leiar for 30 tilsette. Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkunne og språkengasjerte personar frå heile samfunnet. Fagråda gir innspel og råd om saker på sine fagfelt.

www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

SPRÅKRÅDET
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLEG REDAKTØR:
Sylfest Lomheim

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØR:
Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artiklar frå
eksterne skribentar står
for forfatternar sitt syn.

Ettertrykk tillate når kjeldar er
oppgitt.

OPPLAG: 11 500
Tekstene i dette nummeret finst
øg på Internett:
www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta 27.08.2010


LAYOUT: Marit Heggenhougen
www.cmykdesign.no
TRYKK: 07 Aurskog

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILETE:
© Peter Melander / Maskot /
Scanpix

B

NORGE/NOREG



HISTORIA BAK

ОЛЕГ, ОЛЬГА, ИГОРЬ И ИХ ПРОИСХОЖДЕНИЕ *OLEG, OLGA, IGOR OG OPPHAVET DEIRA*

Mange her i landet meiner at «alle» russiske kvinner heiter Olga. Det er ikkje heilt urett, for det namnet er særst populært i Russland. *Olga* høyrer sjølvstapt språkleg saman med *Oleg*, eit av dei mest populære mannsnamna.

Når eit namn er populært, er det av di det har status. Eit døme er *Maria* (etter mor til Jesus), som i katolske land endåtil kan vera mannsnamn, jamfør t.d. komponisten *Carl Maria von Weber* (1786–1826).

Oleg (han kom først) og *Olga* vart så populære namn av di dei første som heitte *Oleg*, hadde høg status på 800-talet, då dei var herskarar i det eldste russiske riket. Eigenleg heitte dei *Helgi*, men russisk hadde ikkje lyden *h*, så han fall bort. Dei kom frå Sverige og hadde sjølvstapt nordiske namn. Russarane var mange og Helgane fåe, men statusen deira var høg, og difor er det truleg i prosent mange russarar i dag som heiter *Oleg*, enn svenskar og nordmenn som heiter *Helge*. Helgane hadde truleg ikkje mange Helgaer med seg heimafrå, så kvinnenamnet *Olga* kjem kan henda ikkje direkte frå nordisk *Helga*, men kan vera ei russisk avleiing av *Oleg*.

Også *Igor* er eit særst vanleg fornamn i Russland. Opphavet er nordisk *Ingvarr* eller *Yngvarr*. Stamfaren til den gammalrussiske fyrsteætta heitte *Rjurik*, som kjem frå norrønt *Hrørekr*. No for tida heiter ikkje russarar *Rjurik*.

Russarar flest veit nok ikkje at tre av dei aller vanlegaste fornamna deira har nordisk opphav. Dei vil kan henda ikkje vita det heller, for i sovjettida var det av reint sjåvinistiske grunnar rekna som borgarleg å hevda at nordbuar spela ei viktig rolle i det fyrste russiske riket.

Svein Nestor
cand.philol.

.....

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825